

Retningsliner for Unity



Prosjektnamn **skal** innehalda namn på den som eig prosjektet, helst i starten, slik som t.d. dette: "08gudleik_eksamensfilm2", "09trude termofotografering" eller "07borghild_dokumentar_fiskesjukdomar".

Prosjekt som ikkje er identifiserbare i høve til kven sitt det er vil ein risikera vert sletta om eg brått og uventa får ryddetrang ein dag eller det er problem med fulle diskar. Då forsvinn både prosjektfiler og materiale.

Det same gjeld mapper med lyd og grafikkfiler og slikt ("Lyd_Originalfiler", Grafikk_Originalfiler", "Transfer" m.m.). Her er det òg greitt å laga eigne samlemapper for kvart klassetrinn. **Eg vil heller ikkje ha slike filer lagra på "FjompXX"-arbeidsområda. Der skal det berre ligga "OMFI media files"-mapper.**

Når det gjeld prosjekt som skal vera til felles bruk, dvs ein ynskjer å finna dei som "Shared" når ein startar opp Avid, må me ha fylgjande retningsliner:

- Gjer dette i så liten grad som mogleg, dvs. berre når det er sær gode grunnar for det
- Sørg for at prosjektnamnet identifiserer klårt i kva samanheng prosjektet skal brukast
- Fleire underprosjekt i ein større samanheng kan/bør samlast i ei eiga mappe i "Avid Projects"
- Sørg for at dei vert sletta når ein er ferdig med prosjektet

Dette er ikkje for å vera vanskeleg, men for at det skal vera så ryddig og greitt som mogleg i Unity.